

PROSJEKTPLAN - hovudprosjekt

Prosjektnamn: TECHTRA Technology Transfers Information Network

Prosjektansvarleg: [TECHTRA Steering Committee](#)

Prosjektleiari: [Osterfjord Nærings samarbeid ved Industri konsulent på Osterøy, 5282](#)

[Lonevåg, +47 56 19 22 70, lars.mj@osteroyindustrilag.no](#)

Start: 1.4.05

Slutt: 1.10.06

Prosjektplan pr 1.6.05

1. Bakgrunn og grunngeving for prosjektideen

Prosjektet er godkjend (kontraktdokument tilsendt pr 23.3.05) som prosjekt 2TT11 under ENABLE-programmet som inngår i INTERREG IIIC. Det vert vist til søknad, sist datert 20.5.05. I denne RUP-prosjektplanen vert berre teke med nokre hovudmoment frå søknaden.

Europakontoret i Hordaland fylkeskommune har utvikla og sett i drift ein internett- og e-postbasert informasjonsteneste for næringsliv med meir; Nærinettprosjektet.

Nyhendemeldingane er ope tilgjengelege på www.narinytt.no. For proaktiv, selektiv og målretta informasjonsutsending er bygd opp og vert nytta bedriftsdaten www.vestnett.no med tilhøyrande utsendings-system. Europakontoret skaffar og tilrettelegg informasjonen. For å best mogeleg treffe behova i den ein skilde verksemda, er det oppretta samarbeid med lokale biblioteksjefar og næringsjefar i kommunar i Hordaland og Sogn og Fjordane som står for utvelgings- og utsendingsarbeidet.

Hordaland fylkeskommune har Thüringen i Tyskland som samarbeidsregion. Fleire organisasjonar i Thüringen har, m.a. gjennom Hordalandskontoret for Thüringen, CompanyNet, fått kjennskap til Nærinett og uttrykt ønske om å tilby tilsvarande informasjonsteneste for sine brukarar. Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar ønskjer å vidareutvikle systemet og tilbodet.

Som lokale samarbeidspartnarar på Vestlandet er invitert Flora kommune og Osterfjord Nærings samarbeid som dekkjer kommunane Modalen, Osterøy og Vaksdal. Partnarar i Thüringen er THATI GmbH (Thüringer Agentur für Technologie und Innovation, dei er m.a. eit Innovation Relay Centre og deltek i fleire teknologi- og innovasjonsprogram innan EU) og Technologie- und Medienzentrums Erfurt (med ca 60 bedrifter). Assosiert deltakar er også "Arbeitsgemeinschaft der Technologie- und Gründerzentren" i Thüringen.

2. Hovudmålsettingar (effekt mål og produkt mål)

Strategisk:

1. Forbetre interaksjonen mellom lokal administrasjon, FoU fasilitetar og SMB.
2. Forbetre utvikling og distribusjon av informasjonstilbod.
3. Oppnå større merksemd knytt til innovasjonspotensialet innan FoU-organisasjonar.

Operasjonelt:

- 1.1 Utveksle erfaringar og "best practice" frå samspel mellom det offentlege og private i utvikling av infrastruktur for å betjene innovative bedrifter.
- 1.2 Betjene og utvikle innovative bedrifter som aktørar i ein globale marknad.
- 2.1 Utvikle nye metodar for å betjene innovative bedrifter med regional betydning i kvar partnarregion og med vekt på industrisektoren.
- 2.2 Utvikle nye metodar for profesjonell informasjonsteneste.

PROSJEKTPLAN - hovudprosjekt

3.1. Utveksle erfaringar og ”best practice” i bruk av IKT-verktøy for regional økonomisk utvikling.

3. Aktivitetar i prosjektet

Viktige aktørar vil vere informasjonstilretteleggjarane (Europakontoret og THATI) og informasjonsmeklarane (med lokal tilknytning/ nærkontakt med bedriftene).

Førebuande fase:

- Knytte kontaktar internasjonalt/ utvikle eit prosjektkonsept.

Innleiande fase:

- Informasjonsmeklarane vert treni i EU-spørsmål, innhald i nyhendebrev, bruk av databasen, implementering av informasjonsbehovanalyse i SMB ...
- Utvikle den teknologiske plattformen med tilpassing til tilhøva i medverkande regionar.
- Rekruttere bedrifter (til saman 60, 30 i kvar region) og utvikle metode for kartlegging og utarbeiding av bedriftene sin informasjonsprofil.

Implementeringsfasen:

- Lage, vedlikehalde og gje ut nyhendebrev.
- Utvikle system for samhandling mellom informasjonsmeklarane og SMB.
- Utveksle erfaringar mellom informasjonstilretteleggjarane og informasjonsmeklarane i kvar region.

Evaluering

- Ekstern ekspertise


Spreiing av prosjektresultat.

- Nyhende og erfaringar vil bli tilgjengelege på prosjektheimeside på internett og vil bli presenterte på seminar og i rapportar.

4. Tids- og ressursplanar

For detaljar; sjå TECTRA-søknaden til ENABLE-programmet.

Hovudaktivitet	Tidsplan (mnd.)												Sum	Personressurs	
	1/05	2/05	1/06	2/06											
Halvår															
Førebuande fase	x														
Innleiande fase	x														
Implementering		x	x												
Evaluering				x											
Spreiing		x	x	x											
Sum månadsverk															
Milestolpe															
Beslutingspunkt															

5. Organisering - rapportering

Det vil bli rapportert til ENABLE-programmet pr kvart halvår (3 rapportar) samt ein sluttrapport. Desse rapportane vert og brukte som rapportering i RUP.

5. Budsjet og finansiering

TECHTRA-prosjektet har eit budsjett på € 144.000, NOK 1.180.000 (basert på kurs på 8,2). ENABLE finansierer 50% av kostnadene for dei norske partnarane og 75% for dei tyske. I budsjettet under er teke med den delen som vedkjem Osterfjord Næringsamarbeid som partnar og prosjektleiar, € 47.000 (NOK 385.000), samt € 7.000 (NOK 57.000) i reise og opphald for partnar Hordaland fylkeskommune. Dette prosjektet er i all hovudsak styrt og finansiert av det offentlege verkemiddelapparatet (ENABLE, HFK, ONS).

Utover budsjett- og finansieringspostane som ligg til grunn for ENABLE-finansieringa er teke med førebuande fase i regi av Osterfjord Næringsamarbeid (ONS) og arbeidsinnsats i dei 15 verksemdene som vil delta i Osterfjordregionen.

Vesentleg arbeidsinnsats som Hordaland fylkeskommune/ Europakontoret legg inn i prosjektet, er ikkje teke med i budsjett og finansieringsplan.

Tala er oppgitt i 1000 og basert på kurs på 8,2.

Budsjet		Finansieringsplan		
Art:	€	NOK	Kjelde:	NOK
Personalkostander	24	197	RUP	221
Administrasjon	1	8	ENABLE	221
Ekstern ekspertise	6	49	Eigeninnsats ONS	50
Reise og opphald	5 + 7	98	Eigeninnsats i 15 verksemdar	110
Møte, arrangement	5	41		
Spreiing av prosjekresultat	6	49		
Førebuande fase 1)		50		
Arbeidsinnsats i 15 verksemdar 2)		110		
SUM	54	602	SUM	602

1) Arbeid utført av Osterfjord Næringsamarbeid (ONS)/ Industrikonsulenten på Osterøy; ca 140 t a NOK 350,-

PROSJEKTPLAN - hovudprosjekt

2) 3 dagar pr verksemd a NOK 2.500,-

Som grunnlag for ENABLE-finansieringa vil liggje dokumenterte kostnader i NOK omrekna etter ein halvårleg offisiell EU-kurs for €/NOK.

6. Kritiske suksessfaktorar

Kulturforskjellar. At bedriftsdatabasen i Thüringen er eigna. Implementering av bedriftene sin informasjonsprofil. At me oppfyller dei formelle krava knytte til INTERREG IIIC-prosjekt.

Dato: Prosjektansvarleg

(Signatur)